


# Kyrkjelydsblad for Arna



NR. 7.

DESEMBER 1988

21. ÅRG.



Musikkgruppa «Malku» i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna ved fellesarrangement mellom  
knerådet og chilenske asylsøkjarar 25.11.

Sjå side 13

## AV INNHALDET

Julefestar .....	s. 3	Ny kyrkjetenar .....	s. 9
Julehelsing frå biskopen ...	s. 4	Haugland søndagsskule ....	s. 11
Diakonvigslle .....	s. 5	Konfirmantturar .....	s. 12
Brev frå Målfrid Sandvik ...	s. 6		

*God Jul*

# **EDERS FORLØSNING STUNDER TIL**

**2. søndag i advent**  
**Luk. 21. 25-33**

*Vi er den slekt som får se disse tegn. Vi er de som skal se «Menneskesønnen kommer i skyen med kraft og megen herlighet».*

*Er du rede til å møte ham? Her gir Jesus grei og klar beskjed, slik skal det være på jorden når menneskesønnen kommer i skyen, les vers 25 og 26.*

*Det er vår forløsningsdag!*

*Rett dere opp!*

*Rom. 8.23 «i det vi stunder etter barnekåret, vårt legemes forløsning».*


*Guds barnets lengsel etter å frigjøres fra dødens legeme er den Hellige Ånds gjerning. Han gir oss å avlegge alt som tynger, og synden som henger så fast ved oss, og med tålmodighet løpe i den kamp som er oss foresatt i det vi ser på ham troens opphavsmann og fullender Jesus Kristus. Han som for den glede som ventet ham, led tålmodig korset uten å akte vannære.*

*Lev i ordet om korset. Det gir kraft til å rette meg opp og løfte hodet.*

*Har du tatt imot tilgivelse for dine synder for Jesu skyld. Da kan vi se frem til forløsingens dag. Da får vi se det Jesus selv sier: Mine ord skal ingenlunde forgå!*

*Når fikentreten skyter blad, Jeg er så glad, Da vet jeg det blir sommer.  
Når himmerikes blomster gror, For visst jeg tror Guds rike snarlig kommer! Hans brud jeg er, Hans ring jeg bær, Har lampen tent Og hjertet vendt til ham, all verdens dommer.*

**Gunnar Ballestad**



# **Julekonsertar**

**Arna kyrkje:**


**11.12:** Kl. 18.00. Arna barnekantori. Dir. Asbjørn Flåm. Ytre Arna barne- og ungdomskantori. Dir. Siri Brunvoll. Indre Arna skulemusikk. På programmet står bl.a. Egil Hovlands bibelspel «Guttene som englene sang om» for barnekor, piano/orgel, fløyte og rytmearinstru-menter.

**18.12:** «Vi syng jula inn». Kl. 19.00. Haukeland songlag. Dir. Trine Daviknes. Arna kyrkjecor. Dir. Asbjørn Flåm. Blåsargruppe. Sokneprest Øyvind Øy.

**Ytre Arna kyrkje:**

Julekonserten der var søndag 4. desember.

**18.12:** Kl. 19.00. Lysmesse. Konfirman- tane deltek og mange av juleson- gane vert nyttet i gudstenesta.



# **Julefestar**

## **Julefest for eldre**

Ytre Arna Sanitetsforening og Ytre Arna sokneråd innbyr alle eldre i Ytre Arna til julefest søndag 8. januar kl. 16.00 på Sentrum.

## **ARNA BEDEHUS**

**27.12:** Julefest kl. 17.00. Song av Barne- røyster. Programinnslag v/elevar frå Indre Arna skule. Juletregang og bevertning. Heile familien er hjertelig velkommen. Arr.: Søndagsskulen og Barnerøster.

**07.01:** Familiefest kl. 18.00. Tale v/bibelskulelærar Odd Bjarne Skogestad. Variert program.

## **YTRE ARNA BEDEHUS**

**28.12:** Søndagsskulefest kl. 17.00.

**07.01:** Julefest kl. 18.00. Tale v/kretssekr. Kjell Mjelstad.

## **BETANIA, LONE**

**27.12:** Barnefest v/Søndagsskulen. Tale v/Per Erik Hals.

**28.12:** Julefest v/BUF og Y-ungdom. Tale ved bibelskulerektor Karl Johan Hallaråker.

**08.01:** Borgafest kl. 16.00. Tale v/Sigurd Ryland.

## **UNNELAND BEDEHUS**

**27.12:** Julefest kl. 19.30.

**07.01:** Julefest v/Søndagsskulen kl. 16.00. Tale v/res.kap. Harald Sundsbø.

## **HAUGLAND BEDEHUS**

**28.12:** Barnefest v/Søndagsskulen kl. 17.00.

**07.01:** Julefest v/Indremisjonen kl. 17.00. Tale v/Oddvar Torget.

# «Juleklokker over jorda»

Av biskop Per Lønning

«Joleklokker over jorda» (69) ser ut til å komme som et skudd med den nye salmeboken, sikkert ikke minst fordi teksten nå er blitt knyttet sammen med Rikard Nordraaks herlige melodi. Men dette er ikke den eneste julesalmen som fremhever klokkeklangen. «Kling no, klokka, ring og lokka ...» (65). «Kim, alle klokker, ja kim nå før dag i det dunkle» (57). Forresten, hvor mange julekort er det ikke som gjennom tidene har malt nettopp klokkenes som selve det store julesymbolet?

To ting er det kirkeklokkenes toner ut når høytiden blir ringt inn. Først: En hilser blir båret ut over bygd og by og hele landet – «en stor glede» for alt folket, for å minne om engelens hilser. Til hvert eneste sted skal det nå fram, i alle hjem skal det synge seg inn. Denne glede som nå blir forkjent, er tiltenkt hver eneste en av oss.

Me juleklokkenes toner – som klokkeklangen alltid gjør det – i to retninger samtidig. Den taler ikke bare til den enkelte av oss der vi er – den sikter ikke bare fra kirketårnet og inn i hjemmene. Ordene som klokkeklangen bærer ut, er de samme julekveldene som hele året: «Kom, kom, kom ...» En innbydelse. At gleden gjelder alt folket, må ikke mistydes dithen at den egentlig skulle sikte på hver og en hver for seg. Juleevangeliet gjelder oss alle sammen. Julesangen kan bare tone fritt som et samstemt kvad fra et jublende kirkefolk. «No ljudar ein lovsong frå alle Guds born» (63).

Aldri klinger julebudskapet overbevisende og sterkt som i en fullsatt kirke, der takken bølger mot himmelen fra hundretalls jublende stemmer. Her merker vi gjenklang fra jubelkoret over Betlehems-markene. Her brer lovsangen ut sine vinger: et fulltonende JA til hilsenen fra himmelen om ære til Gud og om fred blant



mennesker som har Guds velbehag.

Aldri ellers i året strømmer folk til Guds hus som i julehøytiden. Men muligens er det et tap – og et ikke så lite tap – for den store fellessangen at dette så mange steder begrenser seg til akkurat denne ene ettermiddagen. Da er kirkene mange steder sprengt, i større menigheter gjerne to ganger. Av mange grunner sentrer det hele om barna, og trengsel og uro gjør det i blant vanskelig å finne gjennomslag for budskapet og virkelig forløsning for den store lovsangen som skulle være vårt svar. Til gjengjeld kan det være slunkent i benkeradene på selve høytidsdagene, noe som også gjør at sangen har en tendens til å falme. Enn om vi lyttet til klokkenene og lot oss innby hele høytiden igjennom?

Klokkenes kaller: «Til høgtid no seg samle i Jesu Kristi namn!» (10). Det var for å samle Guds barn til fest i den himmelske storstue at Guds sønn kom til vår jord. Og det er for å forberede oss til denne høytiden over all høytid at han vil samle oss til helg og lovsang allerede her og nå.

Vel møtt til hellig høytid i Guds hus! Klokken skal ikke «kalla og helsa med fred Guds born» forgjeves. Kom, kom, kom ....! Velsignet julehøytid!

Deres

*Per Lønning*

**Redaksjonsnemnda  
ynskjer alle lesarane  
ei God Julehøgtid  
og eit Godt Nytt År!**

## 100.000 i overskot

Julemesset til inntekt for Kyrkjelydshuset i Arna som i år var i Bjørnarhallen vart eit svært vellykka arrangement. Frammøtet var godt og folk fann seg godt til rette. Kyrkjeringane hadde laga til eit variert opplegg med både sal av varer, utlodning og servering. Dessutan var det mykje underhaldning både med song og musikk. Kor og musikklag i Arna stilte opp og var med å gjøre dagen til ein triveleg og underhaldande dag.

Unnlandskoret, Haukeland Songlag, Arna Barnekantori, Garnes Skulemusikk og Indre Arna skulemusikk gjorde ein fin innsats. Dessutan var det innslag ved Steinar Ihle, Ragnar Tesdal og Trude Stendal. Vi nemner og Borgny Grøteide og Anna Liarbø Mjelde som heile dagen baka lefser, og lefsene gjekk unna like fort som dei baka.

Vi gir ros til medlemene for eit godt planlagt og vel gjennomført arrangement. Kr. 100.000 kjem vel med når innreittingsarbeidet i Kyrkjelydshuset snart tar til.

Så vonar vi at det ikkje vert så altfor lenge før vi kan halde julemesse i eige hus.

## Kjenner du julesongane?

Dei fleste av oss kan første strofa av dei kjende julesongane utanat. Men når vi kjem lenger ut i tekstane, får vi vanskar. Her får du nokre verselinjer å prøva deg på. Korleis byrjar dei julesongane og salmane der desse utdraga står? (Tekstane finn du i Norsk Salmebok og Sangboken om du lyt sjá etter).

1. Me syng i englelag...
2. Mi sjel, kjenn vel denne nåde fri frå våde...
3. En svale må ei bede om nattely og ro..
4. Det ljósar så vent over dalar og strand der inn hennar strålar får glytta.
5. Barne er bore. Barnekåret, barnekåret ved det me vann.


6. Gi til du blir rik og varm, rikest på det siste!
7. La isen briste, gi varme snart og vår!
8. Da skal med Davidsharpens klang...
9. ...og skin den stjerna på min veg.
10. ...han knuste dødens veldes og opna livsens land.

Svar finn du på side 14.

## Julemesset i Ytre Arna

Ved julemesset på bedehuset i Ytre Arna kom det inn litt over 31.000 kr. Dei som stelte i stand, er svært godt nøgde med det, og med det fine resultatet er alle utlegg til utvidinga av huset og innkjøp av nye møblar betalt.

**KONSERT  
I YTRE  
ARNA  
KYRKJE  
TORSDAG  
19. JAN.  
KL. 19<sup>30</sup>**



Gunnstein Drangedalen

Den kjende songaren Gunnstein Draugedalen kjem og held konsert i Ytre Arna kyrkje 19. januar kl. 19.30. Vitjinga er i samband med ein konserturné i Hordaland. Han skulle vera velkjend for mange gjennom radio, TV og plateinnspelinger, og vi vonar difor at mange og vil nyitta høvet til å høyra han når han kjem hit.

Det er Ytre Arna kyrkjekor og organist Siri Brunvoll som vil leggja til rette for arrangementet.

## DIAKONVIGSLE I ARNA KYRKJE

Berte Marie Ulveseter vert vigsla til diakon søndag 18. desember. Vigslinga skal føregå i Arna kyrkje og det er domprost Nils Monstad som skal stå for vigslingshandlinga.

Etter sjukepleiarutdanning ved Haukeland sjukhus var ho først sjukepleiar ved Ila sikringsanstalt. Deretter gjekk ho Norsk Diakonhøgskule på lina for u-hjelp og misjon.

Derifrå gjekk turen til krigsområdet i Etiopia der ho saman med to svenske sjukepleiarar var utsending for Det Lutherske Verdensforbund. I to år gjorde ho teneste mellom dei krigsskadde flyktningane midt i krigssonan. Dei som kjenner til det, veit å fortelja at tøffare teneste kan neppe ein sjukepleiar koma opp i.


Fra Etiopia gjekk vegen til Mali. Strømmes minnestiftelse søkte etter ein sjukepleiar som kunne leie eit helseprosjekt dei og Santalmisjonen i fellesskap skulle starta opp. I 2 1/2 år har ho saman med to innfødde medarbeidarar stått i brodden for eit mor og barn-prosjekt i 5 landsbyar i Bafoulabeområdet.

Ho bur delvis i ei jordhytte av same slag som dei innfødde nyttar – ute i ein landsby. Derifrå tek ho seg så fram til fots, på motorsykkel eller med elvebåt til landsbyane omkring.

Det området der ho arbeider toppar verdensstatistikken når det gjeld barne-død. Heile 34 % dør første leveåret.

I arbeidet sitt har ho nært samarbeid med Santalmisjonen sine misjonærar. I ein av landsbyane driv ho for tida også dåpsopplæring på fritida.

Når Berte Marie no vert vigsla til diakon, er det eit uttrykk for at ho vil sjå arbeidet sitt som ei diakonteneste. Ho ynskjer og å sjå seg som utsending for den kyrkja og den kyrkjelyden ho kjem frå.



Vi vonar at kyrkjelyden i Arna etter vigslingsdagen på særskilt måte vil sjå henne som ein utsending og fylgja henne i forbøn der ho i framtida finn oppgåver som utfordrar henne.

Og kjenner vi Berte Marie rett, vil ho neppe for alltid slå seg til ro der ho er i dag, men finna nye utfordringar i møte med menneske som kan ha bruk for henne – kor det no vert på kloden.

Ingvard Hageberg

## Med Målfrid Sandvik på gudsteneste i MBE

Målfrid Sandvik har i mange år vore kateket i Arna prestegjeld. I haust reiste ho ut som misjonær utsendt av Det Norske Misjonsselskap til Kamerun og tok fatt på språkstudiar i Ngoundere. Ho skal ved påsketider flytta til Mbé, og ei viktig oppgåve i arbeidet er kristendomsundervisning. Ho har nyleg vitja kyrkjelyden i Mbé og i eit brev til medarbeidarar i Arna har ho skildra dette første møtet. Her tek vi med utsnitt frå brevet. Vil nokon senda henne ei helsing er adressa: Målfrid Sandvik, B.P. 6, Ngoundere, Cameroun.



Olaug Rugås tok meg med til naboen «min», ein hjelpepleiar med stor-familie. Det var så fint å møta dei. Følte nokså fort at her kan eg koma att, desse vert nok venene mine. Når dei høyrd at eg var den nye «kristendomslæraren» som skulle ta over arbeidet etter Petra Kvamme, tok dei meg i handa ein gong til og ynskte meg hjarteleg velkommen. Det opplevde eg mange gonger denne helga. Og det var godt å få ei slik mottaking.

Denne «nabokona» let oss få smaka på noko av det ho hadde laga til festen i dag. Det var nemleg hausifikfest i Mbé kyrkje. Og hennar gav – sikkert ved siden av pengegåve – var rista peanøtter og popcorn.

Det var forresten litt av ei gudsteneste me fekk vera med på i dag. Me var i kyrkja i 4 timer. Me fekk sitja heilt framme på stolar. Men få var så privilegerte. Folk sat tett i tett på benkene, og mange sto utanfor. I siste delen av gudstenesta – etter den vanlege gudstenestefeiringa – var det frambringning av gåver. Først pengegåver i konvoluttar, kvar og ein la si gavé på alteret. Dei ulike delane av byen osv. hadde kvar sin prosesjon, der dei meir eller mindre dansa seg framover midtgangen, medan ei anna gruppe song. Me var også med på dette.

Etterpå kom «matofferet»; der var til og med ein mann som kom berande med ei geit! Noko av dette vert delt ut etterpå – til gamle i kyrkjelyden og noko vart gitt til langvegsfarande i dag (frå andre landsbyar), resten vert nok selt. Ein mann bar fram eit digert vaskefat med mais. Han hadde visst ein stor barneflokk sjølv, så det var nok eit stort offer for dei. Men Finn Ove Kaldhol kunne fortelja om rike folk som ga skameleg lite (nokre hadde gitt tidlegare).

Han heldt forresten ei ransakande preike over Mark. 12,41ff. om den fattige enkja i templet som ga alt ho åtte...

Me som var gjestar, vart presenterte for kyrkjelyden; eg vart presentert til slutt. Då dei fekk høyrá at eg skulle komma til dei sidan klappa dei! Det var rørande. Eg minnest avskjeden i Arna, då kyrkjelyden reiste seg. Her var ein annan kyrkjelyd klar til å ta imot meg. – Uff, nei, no sit eg og turkar tårer...

Det var så fint å møta alle desse venlege og gilde menneska. Og samtidig spør eg korleis eg kan makta den oppgåva eg no vert tiltrudd. Det verkar enno stort og uoversiktleg, dette. Men kan eg anna enn å lita på at eg likevel er i Guds plan? Eg trur då at han har kalla meg til tenesta, og eg må berre framleis få leggja alt i hans hender. Men eg kjenner meg skikkeleg liten no. Ellers strevar eg med språkstudiet. Håpar å greia å snakka litt snart. Av den fulanien eg høyrd i helga, forsto eg faktisk ein del. Det gjev nytt mot.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 02.10: Thomas Pedersen Ekren, Øystein Mjelde Skipenes, døypt i Fyllingsdalen kirke.  
23.10: Ørjan Almelid Nielsen, Sveinung Grytøy, Morten Bysheim, Magnus Ytre-Arne Mjelstad, Kine Christensen.  
13.11: Tore Simonsen, Morten Ivarsflaten, Trond Borge, Kristian Engesæt, Simen Bolstad, Tina Skaftun, Emilie Fanebust.  
27.11: Joakim Skadal Kvåle, Andreas Kjeilen, Hanne Kathrin Vie, Yngvil Sandal Lien, Fredrik Minde, Anette Aga, Suzanne Thunestveit.



### Ytre Arna sokn:

- 23.10: Sveinung Strand, Charlotte Ynesdal Thunestvedt.  
30.10: Marion Midttun.  
13.11: Cecilie Nævdal.  
27/11: Ivar Kjærland, Per Daniel Birkeeland.



## Vigde

### Arna sokn:

- 08.10: Per Kjetil Mjelde og Kjersti Nordanger, vigde i Korskirken.  
15.10: Raymond Børeng og Tove Mette Eikefet.  
22.10: Svein-Kåre Algrøy og Ine Kristin Rødbotten.  
Kjell Arne Moss og Marit Helen Iversen.  
12.11: Thorleif Ruud og Wenche Ytreland.  
Trygve Borge og Hege Merethe Langhelle, vigde i Dale kyrkje.

### Ytre Arna sokn:

- 08.10: Thomas Michael Connolly og Vivi Benedikta Loftesnes.



## Døde

### Arna sokn:

- 26.09: Liv Borghild Mæland, f. 1934.  
27.09: Aud Mjelde, f. 1911.  
02.10: Solveig Lindvik, f. 1902.  
16.10: Hanna Rasch, f. 1913.  
17.10: Olav Mæstad, f. 1901.  
17.10: Alfred Magnus Thunestvedt, f. 1934.  
18.10: Mons Gaupholm, f. 1913.  
25.10: Kaare Holmefjord, f. 1928.  
05.11: Mathilde Veseth, f. 1897.  
15.11: Johanna Gjelsvik, f. 1896.  
**Ytre Arna sokn:**  
11.10: Anna Kalvik, f. 1917.  
14.10: Gunnar Haugland, f. 1904.  
18.11: Henning Helland, f. 1905.

Presten  
har  
ordet.

Harald Sundsbø



Guds rose ljuvleg angar  
og skin i jordlivs natt.  
Når hennar ljós oss fangar,  
ho vert vår beste skatt.  
Me syng i englelag:  
No er det fødd ein Frelsar,  
og natti vart til dag.

Gledelig jul til alle og velkommen til  
kyrkja der vi saman kan dela denne gleda!

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna sokn:

- 02.10: Kyrkjelydshuset ... kr. 3.313,-  
16.10: Norsk Lærarakademi .... kr. 2.189,-  
23.10: Kirkens Sosialtjeneste .... kr. 3.961,-  
30.10: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1.239,-  
06.11: Barnekantoriet ... kr. 1.561,-  
13.11: Kristent innvandrararbeid . kr. 3.487,-

### Ytre Arna sokn:

- 02.10: Kyrkjelydsarbeidet kr. 924,-  
09.10: Norsk Lærarakademi .... kr. 600,-  
23.10: Ytre Arna barne- og ungdomskor ... kr. 1.386,-  
30.10: KFUK/KFUM ... kr. 863,-  
06.11: Menighetsfakultetet ..... kr. 580,-  
13.11: Den norske sjømannsmisjon ... kr. 1.202,-

## Glade jul...

Mange vil nok stemma i denne kjende julesongen også i år. Men for ikkje så få vil vel ramma om jula kanskje vera merka av mindre glede enn elles. Vi høyrer om menneske som i djup fortviling må gå frå arbeidsplassane sine, og om at dei økonomisk trøngare tidene gjer seg gjeldande på mange felt. Nokre opplever konkursar, og mange må klara seg med mindre enn før.

Det har vore røyster som har sagt at vi ikkje må verta einsidig opptekne med å sjå desse negative trekki i samfunnet rundt oss. Trass alt har vi mykje å gleda oss over og meir enn det dei fleste land i verda kan by sine innbyggjarar. Vi kan likevel ikkje sjå bort frå den fortviling mange einskild-menneske opplever i desse tider.

Å syngja «Glade jul» kan alle likevel vera med på. Julehøgtida med sitt innhald er noko som har vore der i generasjonar og fått gje noko til menneske i alle slags livssituasjoner.

Kanskje vi opplever at når ikkje alt er sjølvsagt lenger, må vi tenkja meir over dei grunnleggjande verdiar livet vårt byggjer på?

Og her er julehøgtida med på å gje noko djupare enn glitter og stas. I ein kjend julesong står det slik:

*Ho mor ho kveikjer alle ljós  
dei skin i kvar ei krå  
for heile verda, seier ho  
skal jolestjerna sjå.*

Julehøgtida vil formidla sann glede til alle. Ei glede som varmar i ein kvardag som mange gonger kan synast kald. Salmedikaren Peter Hognestad samanliknar jule-evangeliet med rosa som spring ut. Eit fint bilet på den himmelbru som kom til oss med Jesus. Det siste verset lyder slik:

Ny  
kyrkje-  
tenar  
i  
Arna  
kyrkje



Svein Mjelde.

Som kjent er Monrad Ulveseter vorten pensjonist, og han slutta i stillinga 31.10. No når dette bladet kjem ut, er den nye kyrkjetenaren alt på plass. Det er Svein Mjelde frå Lone, og han skulle vera vel kjend for mange i Arna.

Han har til no vore anleggsarbeidar, men ved sida av det i mange år vore aktivt med i kyrkjelydsarbeidet og i kristeleg organisasjonsarbeid. No er han mellom anna leiar i Arna søndagsskulelag og medlem i soknerådet. Vi ynskjer han velkommen til denne nye tenesta i kyrkja.



## Stabburet %

### MAT FOR ELDRE

Ytre Arna Sanitetsforening har utsal av desse middagsporsjonane i Kyrkjelydshuset (bak kyrkja) kvar tirsdag kl. 11.00-12.00. Mange rettar å velja mellom. Eigen julemiddag.

# MØTER

Betania, Lone  
11.12: Møte v/BUF.  
15.12: Nattverdsmøte.  
18.12: Førjulssamling.  
01.01: Møte v/NML.  
05.01: Nattverdsmøte.  
15.01: Møte v/BUF.  
19-  
22.01: Møter v/Finnmarksmisjonen.

## Arna bedehus:

11.12: Søndagsmøte kl. 19.00.  
15.12: Nattverdsmøte kl. 19.30.

## Misjonsfest

Den årlege misjonsfesten som NLM, NMS og Santalmisjonen brukar å ha i januar vert den 15. januar kl. 17.00 i Arna bedehus.

## Kyrkjegardsvigsle

Dei nye felta på kyrkjegardane Mjeldheim og Takvam er no vigsla og ferdig til å takast i bruk.

Vigslinga vart gjort av domprost Nils Monstad og representantar frå kommunen og kyrkjedane tok del.

På Mjeldheim var det eit nytt felt for urnegraver som vart vigsla. Det ligg nedanfor den tidlegare kyrkjegarden mot elva.

På Takvam var det ei utviding av kyrkjegarden med plass for både kistegraver og urnegraver.

Situasjonen for gravplassane i Bergen er kritisk fleire stader, men med dei nye felta som vert tekne i bruk, skulle Arna ha noklunde den dekning av gravplassar som lova pålegg kommunen å ha.

# KYRKJESKYSS

Kyrkjesskyss frå Haukeland/Espeland fungerar slik:

**11. desember:** Harald Røslund ..... tlf. 24 08 70  
**18. desember:** Magne Mestad ..... tlf. 24 00 14  
**25. desember:** Sverre Myklebust ..... tlf. 24 29 05  
**1. januar:** Svein Mjelde: ..... tlf. 24 28 71

## Ytre Arna sokneråd takkar

Når dette bladet vert trykt er det kome inn vel 5.000 kr. på postgiroblanketten som vart lagt ved nr. 6 til alle i Ytre Arna. Pengane skulle gå til naudsynleg reparasjon av taket på Kyrkjelydshuset. Soknerådet vil på denne måten takka alle gjevarane.

Rekninga på reparasjonen vart på noko over 12.000 kr. og i tillegg fekk ein vita at spikrane skiferen er festa med, har teke til å rusta og at heile taket difor må leggjast om. Det vert ein stor reparasjon soknerådet må koma attende til.

Skulle fleire ynskja å gje ei gave, men har mista blanketten, er adressa: Ytre Arna Sokneråd, Postboks 111, 5265 Ytre Arna, postgiro 5 93 54 99, bankgiro 3633.30.02625.

## Fat av Arna kyrkje

For nokre år sidan fekk Arna sokneråd laga ein del fat med motiv av Arna kyrkje. Det er framleis att nokre av desse fata. Dei vert selde for kr. 100 ved kyrkjekontoret i Borgstova. Overskotet går til kyrkjelydshuset.

### ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.10.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.  
Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# Vi presenterer Haugland søndagsskule



På biletet ser vi søndagsskulebarna samla til fest no i haust.

Haugland søndagsskule har i mange år hatt trufaste arbeidarar. Ei av dei er Inger Gravdal. Ho har vore med i dette arbeidet i 21 år, og har no slutta. Vi spør henne:

– Korleis var det å få vera med i dette arbeidet?

– Det har vore eit rikt arbeid, der eg føler at eg har fått så mykke.

– Har de hatt noko utanom vanlege samlingar om søndagane?

– Før i tida var vi kvart år ein tur. Vi har vore m.a. til Raknestunet, Sætervika, Kongshaug og Landro.

Roger Hosøy er den nye arbeidaren som saman med Aud Gaupås – som har vore med i mange år – skal overta etter Inger Gravdal. Han kjem frå Lindås og dette er første søndagsskulen han har vore med i som arbeidar.



## KIRKEN SOS

Senter for samtale og sjelesorg over telefon, søker kristne frivillige medarbeidere over 22 år. Søkere må være lojale mot Den Norske Kirkes bekjennelse.

Interesserte er velkomne til å henvende seg over telefon 23 45 12 eller 23 30 80 mellom kl. 11.00-14.00 for nærmere opplysning.

Ta kontakt med oss snarest.

## POPULÆRT MED KONFIRMANTTUR

Denne hausten har vi opplevd ei svært aukande interesse hjå konfirmantane til å reisa på konfirmanttur. Dei planlagte turane vart snart fullteikna, og 2 ekstra arrangement måtte avviklast. I Ytre Arna var alle konfirmantane med, og i Arna måtte

mange utsetja turen til mars. Desse biletene er frå tur til Skjærgardsheimen i Øygarden, (konfirmantar frå Arna), Sotraheimen (leirskulekonfirmantar frå Arna og Ytre Arna) og Wallemuntet på Kvamskogen (konfirmantar frå Ytre Arna).



## Fargerikt fellesskap

Laurdag 25. november var det mange som fekk oppleva eit fellesskap utanom det vanlege i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Representantar for dei chilenske asylsøkjarane og soknerådet gjekk saman om dette arrangementet og Kyrkjelydshuset var fullsett, og rundt 80 personar tok del. Om lag halvparten var asylsøkjarar. Både matserveringa og programmet var asylsøkjarane med på, og for nokon var det vel kanskje første gongen dei fekk smaka «empanadas».

Andre chilenske bakverk var det og, og «norske» kaker høyrd med. Programmet inneholdt innslag frå tradisjonar i Noreg og Chile. Asylsøkjarane hadde innovd «Per spelemann» og framførde det fint. Litt vanskelegare var det når dei norske skulle syngja: «Si vas para Chile», men med god hjelp kom det og i hamn.

Nokre frå Arnaringen viste norske folkedansar og asylsøkjarane deltok med musikkgruppa Malku og framvisning av folkedansar derfrå.

Dette var eit fellesskap deltakarane sette stor pris på. Og ikkje minst mellom asylsøkjarane vert det opplevd som fint å vera kjende med nokon som bur i Ytre Arna. Språkvanskar var det sjølvsagt, men med god hjelp av ein som kunne spansk og norsk, gjekk det fint.

Som ei oppfølgjing av dette arrangementet vert det no arbeidd for at asylsøkjarane kan få koma på vitjing i ein norsk heim ein gong i samband med jula.

## Fest på Tunes Bedehus

Etter diakonivigslinga i Arna kyrkje 18.12. vert det fest på Tunes bedehus. Festen tek til når gudstenesta er slutt. Søndagsskulen, Indremisjonen og Santalmisjonen går saman om arrangementet, og det vert samstundes julefesten som plar vera på bedehuset før jul.



NYTT  
FRÅ  
VERBUM  
FORLAG

Kyrkjelydsbladet har nyleg fått tilsendt 3 bøker frå Verbum forlag. Vi får ikkje her plass til å melda desse bøkene på vanleg måte, men gjev dei ein kort omtale i staden.

## Apokryfene

Apokryfene er skrifter som kom til på slutten av gamaltestamentleg og ved byrjinga av nytestamentleg tid. Ordet apokryf tyder «øynd» og desse bøkene har fått dette namnet fordi dei ikkje er med i det hebraiske Gamle Testamentet, men var vanleg i den greske omsetjinga av Det Gamle Testamentet.

Desse bøkene har vorte handsama ulikt i ulike kyrkjessamfunn, men i tidlegare tider kunne ein få kjøpa Bibelen både med og utan desse bøkene.

No er dei altså komme i ny omsetjing, og dermed er det og lett å gjera seg kjent med dei.

## Hverdag – søndag – hverdag

Denne boka er eit resultat av aksjonen «Bibelen open for alle» og ho er eit hjelpemiddel til eit møte med tekstane i kyrjeåret. Ved å lesa i boka kan ein førebu seg til gudstenesta om søndagen, og boka vil også hjelpe til eit aktuelt møte med Bibelens budskap. Difor vil ho – som namnet seier – byggja bru mellom søndag og kvardag.

Den nye boka tek føre seg tekstane i det kyrjeåret vi nett har starta på (1. tekstrekkje). Tidlegare er det kome ut ei bok for 2. tekstrekkje med same tittel.

Framhald side 14

## Bibelleseplan

Forlaget gjev og ut ei hending og enkel bibelleseplan. Der finn ein avsnitt å lesa for kvar dag, og det er og tilvisingar til Salmeboka og Sangboka for høvelege salmar til teksten. Synest ein det er vanskeleg å lesa i Bibelen på eiga hand, er dette heftet eit fint hjelpemiddel. Det kostar kr. 15,- og tekstane er sett opp etter kyrkjeåret.

Harald Sundsbø



## Dåpssøndagar

Det vert høve til dåp i kyrkje-  
ne desse søndagane:

Arna:

25.12. - 8.1. - 22.1. - 5.2. og 19.2.

Ytre Arna:

25.12. - 22.1. - 19.2.

(I Ytre Arna kan ein og ha dåp dei  
søndagane det er nattverd: 8.1. - 15.1. -  
5.2. og 12.2.)

## KOKS OG VED

UNDERSØK PRIS  
OG SERVICE HOS  
**Kvernevik Brensel A/s**

Tlf. 18 19 35

## Svar på oppgåve side 5

1. Det hev ei rosa sprunge.
2. I dag er fødd ein Frelsar stor (høgtids-  
verset).
3. Mitt hjerte alltid vanker.
4. No koma Guds englar.
5. Kling no klokka.
6. Gud sin egen sønn oss gav.
7. Fra fjord og fjære.
8. Det kimer nå til julefest.
9. Eg er så glad kvar joleveld.
10. Eg synger jolevad.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ragnhild Rein, Hilde Rohde, Harald Sundsbø,  
Laila Ueland.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: Kr. 30,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856

Trykt av Grafisk Forum A/s, Ytre Arna.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

**a.s. Sarepta**  
5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, kon-  
firmasjon og barndåp.

**Kleiveland**

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## FOKUS Bank

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

**FOKUS BANK**  
avd. Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

## Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

– til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV – Elektrisk – Belysning.

Hugs at vi har lavaste pris,  
og det De kjøper her  
kan De få reparert her.

## ARNA ELKJØP A/S

Arnateit – telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes.

Transport med egen bil.

Annonser, sanger, sløyfer.

Monumenter besørges oppsatt.

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for  
Bil – Båt og  
varetransport



## ARNATEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J.B. Myklestad.

# *Velkommen til kyrkje*

**Des. 11.: 3. s. i advent. Matt. 11. 2-10.**

**Arna kl. 11.00:** Høgskolelektor Ragnar Grøm. Arna kyrkjekor. Takkoffer til Kristeleg kringkastingslag. Sundagsskule.

**Arna kl. 18.00:** BARNEKONSERT. Arna Barnekantori og Ytre Arna barne- og ungdomskor.

**Ytre Arna kl. 11.00:** Res. kap. Sundsbø. Takkoffer til Norges kristelige Student - Skoleungdomslag.

**Takvam kl. 11.00:** FAMILIEGUDSTJENESTE v/Døveprest Asgeir Straume. Takkoffer til døves menighetsarbeid.

**Des. 18.: 4. s. i advent. Fil. 4. 4-7.**

**Arna kl. 11.00:** Domprost Nils Monstad. Vigsling av Berte Marie Ulveseter til misjonsdiakon. Takkoffer til Santalmisjonen/Strømmes Minnestiftelse. Kyrkjekaffi i Tunet bedehus.

**Arna kl. 19.00:** «Vi syng jula inn». Haukeland songlag, Arna kyrkjekor, blåsargruppe og sokneprest Øy.

**Ytre Arna kl. 19.00:** LYSMESSE v/res. kap. Sundsbø og konfirmantane.

**Des. 24.: Julaftan. Luk. 2. 1-14.**

**Arna kl. 14.30:** Sokneprest Øy. Indre Arna Skulemusikk. Takkoffer til Diakoniutvalget.

**Arna kl. 15.30:** Sokneprest Øy. Indre Arna Skulemusikk. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Arna kl. 16.30:** Krinssekr. Hageberg. Indre Arna Skulemusikk. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Ytre Arna kl. 15.00:** Res. kap. Sundsbø. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Arna/Haugland skulemusikkklag.

**Ytre Arna kl. 16.00:** Res. kap. Sundsbø. Ytre Arna Barne- og ungdomskor. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Arna/Haugland skulemusikkklag.

**Trengereid kl. 14.00:** Familiegudsteneste v/Stiftskap. Ivar Molde. Tuner og Trengereid skulemusikk. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Des. 25.: 1. Juledag. Joh. 1. 1-14.**

**Arna kl. 11.00:** HØGTIDSGUDSTENESTE v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

**Ytre Arna kl. 11.00:** HØGTIDSGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

**Des. 26.: 2. Juledag. Matt. 10. 17-22.**

**Arna kl. 11.00:** Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.

**Trengereid kl. 11.00:** HØGTIDSGUDSTENESTE v/sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.

**Des. 31.: Nyårsaften. Luk. 13. 6-9**

**Arna kl. 23.15:** Sokneprest Øy. Takkoffer til Ungdomsarbeidet.

**Ytre Arna kl. 23.15:** Res. kap. Sundsbø.

**1989**

**Jan. 01.: Nyårsdag. Luk. 2. 2-21.**

**Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

**Jan. 08.: Kristi openberringsdag. Matt. 2. 1-12.**

**Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy.

**Ytre Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

**Jan. 15.: Vingardssøndagen. Jeremia 9. 23-24.**

**Arna kl. 11.00:** Res. kap. Sundsbø. Nattverd.

**Ytre Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Nattverd.

**Jan. 22.: Såmannssøndagen. Luk. 8. 4-15.**

**Arna kl. 11.00:** FAMILIEGUDSTENESTE v/sokneprest Øy.

**Ytre Arna kl. 11.00:** FAMILIEGUDSTENESTE v/res. kap. Sundsbø.